



Alver kommune ved avdeling for samferdsle, veg og VA-
forvaltning

Referanser:
Dykkar: Arne Helgesen
Vår: 20/6856 - 20/18990

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
15.04.2020

Oversender søknad om dispensasjon frå byggjegrænse til uttale/ dispensasjon frå avstandskravet til offentleg leidningar til behandling- gbnr 188/196 Gjervik ytre

Tiltak: Støttemur
Byggjestad: Gbnr: 188/196
Tiltakshavar: Terje Dale
Ansvarleg sækjar: Delta Bolig Prosjektering AS

Tiltak

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå regulert byggegrense i samband med søknad om/legalisering av etablert støttemur på eigedomen gbnr 188/196. Muren er ca. 30 meter lang og er etablert parallelt med grense mot gbnr 188/196 i ein avstand på 2 meter frå nabogrensa. Muren er plassert i nabogrensa mot gbnr 188/195 og 188/197.

Vi har ikkje mottatt lengdeprofil av muren. Dette vil bli etter spurd. Det var oppgitt i tidlegare innsend søknad at muren har ei maksimal høgde på 1,8 meter.

Tiltaket er nabovarsla. Nabo på gbnr 188/195 har kome med merknadar til tiltaket. Det ligg føre tilsvar til merknaden frå sækjar.

Tiltaket er plassert over kommunal avløpsleidning og krev at det vert gitt dispensasjon frå avstandskrava slik dei går fram av Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp. Det er søkt om dispensasjon.

Historikk

Muren er tidlegare omsøkt som del av fleire tiltak på eigedomen. Det vart gjort vedtak i saka den 05.12.2019 der muren ikkje vart godkjend, sjå vedlegg. Statens vegvesen gav uttale i skriv datert 18.02.19. Det er no send inn ny søknad med nytt ansvarleg føretak.

Planstatus

Eigdedomen ligg innafør området som er omfatta av reguleringsplanen for Felt B med planid 1263 – 196701. Kommunedelplanen for Knarvik – Alversund med Alverstraumen, planid 1263-201701, gjeld med suppleringar/endingar der reguleringsplanen ikkje har eigne føresegner om temaet.

Tiltaket er i plassert i strid med regulert byggegrense mot veg slik den går fram av plankartet. Byggegrensa mot nabo er 5 meter i følgje reguleringsføresegnene. Det er søkt om dispensasjon. Avstand til midt FV 5454 er oppgitt til 13,4 meter.

Situasjonskart



Plankart med byggegrense (tomt 82)



Ortofoto 2018



Uttale

Det vert bedt om uttale før kommunen behandlar søknaden om dispensasjon frå byggegrense mot fylkesveg.

Søknad om dispensasjon frå avstandskrava til offentleg VA-leidningar

Søknaden vert oversend avdeling for samferdsle, veg og VA – forvaltning for behandling.

Frist

Frist for uttale/behandling er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Spørsmål i saka kan rettast til Anne Lise Molvik på tlf. 56 37 50 00, eller e-post anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

oppdatert redegjørelse

3_SØK-DISP_Dispensasjonssoeknad_dispensasjon vedr avstand til kommunal avløpsledning.pdf

4_SØK-DISP_Dispensasjonssoeknad_Redegjørelse dispensasjonssøknad.pdf

9_KART_Situasjonsplan_kART.pdf

503 - Situasjonsskart og profil C-C

11_TEGN_TegningNyPlan_501 - Detalje ved VA rør 1_100 A3_2.pdf

bilde av mur

16_ANKO_Gjennomføringsplan.pdf

Delvis godkjent søknad om oppføring av mur, boder og tilbygg - gbnr 188/196 Gjervik ytre

Kopi til:

Delta Bolig Prosjektering AS
Terje Dale

Grøvlesvingen 29
Lyngvegen 39

5108
5914

HORDVIK
ISDALSTØ

Mottakarar:

Alver kommune ved avdeling for
samferdsle, veg og VA- forvaltning
Statens vegvesen
Vestland fylkeskommune

Postboks 1010 Nordre Ål 2605
Postboks 7900 5020

LILLEHAMMER
BERGEN